

Referat frå møte i Prosjektgruppe til Forprosjekt kvensk bibliotekteneste

Tid: Onsdag 20. januar 2016
Stad: Universitetsbiblioteket UiT Noregs arktiske universitet
Til stades: Birgit Larsen (Troms fylkesbibliotek), Margrethe Haslund (Nordreisa bibliotek), Stine Qvigstad Jenvin (Finnmark fylkesbibliotek, møteleiar), Rønnaug Ryssdal (Finnmark fylkesbibliotek), Philipp Conzett (UB UiT Noregs arktiske universitet, referent)

1. Oppsummering av høyringsrunde – kva må vi ta omsyn til i arbeidet vidare?

Rønnaug hadde oppsummeringsrunde med institusjonar som ikkje fekk informasjon om høyringsrunde i første omgang. Ventar på svar.

Vi legg høyringssvara og oppsummerande merknader ut på nettet.

- a. Kvensk institutt. Sender kvensk nemning på bibliotektenesta.
- b. Kvenlandsforbundet.
 - Tenesta et opp midlar som er sette av til revitalisering av kvensk.
>> Vi søker midlar frå NB, ikkje frå øyremerkte pengar til revitalisering av kvensk.
 - Det finst ikkje etterspurnad etter teneste for litteratur på kvensk, det finst for få personar som kan lesa kvensk.
>> Kvensk bibliotekteneste har eit breiare fokus. Det handlar ikkje berre om litteratur skriven på kvensk, men om å informera om og fremja litteratur om kvensk og kvener/norskfinnar.
 - Kvener ikkje bør talfestast i søknaden.
>> Dette er vi samde i.
 - Kvensk bibliotekteneste bør innlemast i Finsk bibliotekteneste.
>> Vi bør spesifisera korfor vi treng ei kvensk bibliotekteneste i tillegg til den finske tenesta. Synleggjering av det kvenske. Vi skal ikkje byggja opp heilt ny teneste, men dra vekslar på det som finst frå før, t.d. Finsk bibliotekteneste.

- Tettare involvering av kvener/brukarmedverknad i prosjektet.
>> Prosjektet handlar om utviklinga av ei fagleg teneste. Som konsultative samtalepartnarar er kvenskmiljøa har tilstrekkeleg høve til å koma med innspel til utforminga av tenesta. Brukarmedverknad er såleis sikra.
- Bakgrunnen for tenesta er å oppretta lønna stillingar i administrasjonen.
>> Tenesta blei initiert av representantar frå dei kvenske miljøa, og miljøa har kome med innspel undervegs.
- Uklart kven sine behov tenesta skal dekkja.
>> Dette har vi kartlagt i forprosjektet. Må forankra søknaden i samfunnsoppdraget til biblioteka.

c. Språkrådet

- Omgrepet innvandrar er problematisk.
>> Samd.
- Fornorsking er ikkje nemnt.
>> Bør nemnast.
- Omformulering av omtale av kvener «Den representeres...»
- Referanse til ELDIA-rapporten manglar.
>> Samd. Blir lagt til.
- Uklar omtale av kvenkorpus.
>> Omformulering: ... knyter seg til kvenkorpus, gjer det synleg, e.l.

d. Arvid Petterson

- Feil/omtale av omgrepet kvener/norskfinnar.
>> Det har vi teke til etterretning.

e. Einar Niemi

- Feil/omtale av omgrepet kvener/norskfinnar
>> Det har vi teke til etterretning.
- Prosjektet skjer utan særleg involvering av andre enn biblioteksektor.
>> Fleire aktørar er involverte. Halti, UiT, Kvensk institutt, ... Må inngå forpliktande avtalar med samarbeidspartnarar (også konsultative) om bidraget deira. Må gå fram av punktet om organiseringa. Dei må ha sjølvstendig ansvar for å følgja opp.
- Feil namneform på Ruija museum.
>> Skal rettast opp.

f. Liisa Koivulehto

- Kvenske namn på institusjonar og bibliografi.
>> Det skal vi ta til etterretning
- Bør bruka kvensk namn på tenesta.
>> Det skal vi gjera. Ventar på svar frå Kvensk institutt

g. Halti kvenkultursenter

- Namnet på minoriteten.
>> Sjå kommentar til Niemi og Petterson
- Omtale av Halti
>> Reviderer omtalen, men må kortast ned. Viktig å ta med det som går på formidlinga.

h. Kaisa Maliniemi

- Uppresis/problematisk omgrepsbruk «innvandrara»
>> Skal ta bort omgrepet «innvandrara»
- Ta inn Finland og nordleg delar av Sverige.
>> Det kan vi ta med. Må spesifisera «det som i dag er Finland og Sverige» e.l. Jamfør også høyringssvaret frå Norske Kveners Forbund

i. Norske Kveners Forbund

- Unngå omgrepet «innvandrere»
>> Det skal vi endra.
- Problematisk omtale av minoritetsgruppa.
>> Skal omformulerast.
- Problematisk å talfesta kvener.
>> Samd. Skal ikkje talfestast, men nemna at talet på og definisjonen av minoriteten er omdiskutert.
- Byta ut «peke på» i de 6 første punkta under tiltak med «ta initiativ til».
>> Samd.
- Det Kvensk Institutt har holdt på med for barnehagebarn er språkreir/språkbud ikkje språkleir.
>> Skal rettast på.

j. Nina Merete Austad

- Ha læremiddel som eige fokusområde.
>> Det er ikkje hovudfokus, men vi tek det inn under dei relevant fokusområda.
- Presisera kva vi meiner med revitalisering og korleis vi skal jobba med det.
>> Tenesta skal støtta opp under revitaliseringsarbeidet.

k. Leena Niiranen og Anitta Viinikka-Kallinen, UiT.

- Bør vurderer å ta med Nordkalottbiblioteket som konsultativ partner.
>> Inngår i «Bibliotek, fagmiljø og interesseorganisasjoner som arbeider for bibliotektenester for meänkieli i Sverige»
>> Bør vi slå saman konsultativ og referanse? (jf. s. 8) NB er samarbeidspartnarar.

l. Norsk-finsk forbund

- Det er ikkje dokumentert at det er eit behov for ei slik teneste.
>> Vi har kartlagt behovet i forprosjektet, jf. rapport.
- Tenesta går på kostnad av den finske tenesta.
>> Blir ei eiga, sjølvstendig teneste. Er eit brubyggjarprosjekt mellom det kvenske og finske.
- Uheldig at ressursane blir spreidde geografisk i Nord-Noreg.
>> Det er viktig å byggja på dei ressursane som finst i dei ulike områda der kvenske miljø finst
- Finnmark fylkeskommune er ikkje ført opp som addressat.
Representantar frå FFK er med i prosjektgruppa

2. Ny søknad om hovudprosjekt, frist: 19. februar.

Søknaden må ta utgangspunkt i/forankrast i føringane i utlysingsteksten, sjå vedlegg.

Gruppa diskuterte ulike punkt i søknadsteksten og blei samde om desse endringane:

Mål for prosjektet

Utvikle en modell for en nasjonal kvensk bibliotekteneste som er internt og eksternt forankra, som bygger på samarbeid mellom ulike bibliotektyper og faginstitusjoner og har en hensiktsmessig oppgavefordeling. Varig finansiering av en permanent teneste skal avklares.

Prosjektbeskrivelse (sammendrag)

- Birgit: Bør ikkje ha litteraturproduksjon som eige fokusområde. Lenger ut i søknaden skriv vi at vi ikkje skal driva med litteraturproduksjon. Initiativ til litteraturproduksjon kan inngå i anna fokusområde, t.d. Formidling?
- Formidlingspunktet må omarbeidast.

- Målsetting: Å formidla litteratur og kunnskap om kvensk, kvenene/norskfinnar.
- Tiltak 1: Utvikla ein formidlingsmodell (-og plan?) som involverer dei ulike samarbeidspartnarane
Ansvaret: Prosjektleiaren
- Tiltak 2: Prøva ut nokre tiltak innanfor formidlingsmodellen
Ansvaret: Prosjektleiaren + Nordreisa bibliotek
- Generelt: Vi brukar nemninga prosjektleiaren, ikkje prosjektleiinga.
- Modellen og planen/metodhandbok skal ha overføringsverdi.
- Samarbeidet med/rolla til Nasjonalbiblioteket må gjerast tydelegare. Jamfør også føringar i utlysningsteksten: utvikla nye løysingar for formidling av det digitale innhaldet, ... osb.
- Punkt 3 og 4 kan slåast saman.

Samarbeidspartnere

Organisasjon/institusjon – Formell avtale – Rolle

- Bør inngå og dokumentera forpliktande samarbeid med Halti, Kvensk institutt, Ruija kvenmuseum og NB.

Budsjett

Søknadssum fra NB – Utgifter – Inntekter

- «Overhead»-posten er for låg.
- Utgiftsposten for bokinnkjøp bør aukast. Helst 2 eks. Bør doblast.
- Slå i hop dei ulike postane om formidlingstiltak. Må aukast til 100 000,- (år 1), 200 000,- (år 2)
- Seminar om kvensk/norskfinsk litteratur. Leggja til Tromsø. Utgiftene bør aukast. Jamfør 100 års markering av Finlands sjølvstende i 2017.
- Nytt punkt om kompetanseheving for prosjektdeltakarar: 50 000,- per år.
- Samarbeid og møte bør aukast til 50 000,- per år.
- Stimulering til litteraturproduksjon går ut.
- Marknadsføring bør aukast til 30 000,- per år.
- Arbeidsinnsats til deltakarane i prosjektgruppa
 - Finnmark: 200 000,- per år
 - UiT: 100 000,- per år

- Troms: 60 000,-
- Nordreisa?
- Arbeidsinnsats til styringsgruppa: 36 000,- per år
- Arbeidsinnsats til samarbeidspartnarane: 180 000,- per år
- Eigeninnsats = arbeidsinnsats til deltakarane i prosjektgruppa, samarbeidspartnarane og styringsgruppa
- Tilskot frå prosjektdeltakarane: 20 000,- per deltakar

Rønnaug lagar nytt utkast til prosjektsøknad og budsjett som ho så sender til dei andre i prosjektgruppa.